

Midlar frå ordninga Utsiktsrydding 2019 er lyst ut.

26.03.2019



Midlar frå ordninga Utsiktsrydding er mellom anna brukt på hogst på elvekanten i område kring Uskedal bru (Arkivfoto frå 2017).

Landbrukskontoret i Kvinnherad gjer kjend at det er mogeleg å søkja på ordninga Utsiktsrydding for 2019. Uskedal utvikling saman med Friluftslaget, Elveigarlaget og nokre grunneigarar søkte og vart løtvd kr. 56.000,- til rydding i 2017. Med dette tilskotet vart det gjort mykje godt arbeid på elvekanten kring Uskedal bru og på Friluftsplassen. No er det tid for å søkja på nytt dersom det er gode prosjekt.

Fylkesmannen lyser ut midlar til utsiktsrydding for 2019. Søknadene vert handsama fortløpande, og dei skal sendast til kommunen.

Utsiktsrydding er fjerning av tre, renningar og busker langsmed ferdselsårar som veg og sti for å gje brukarane betre utsikt til det kringliggande landskapet.

Alle føretak med organisasjonsnummer og grunneigarløyve kan søka om tilskot. Det kan vera grunneigarar, grunneigarlag og andre lag/organisasjonar. Elveigarlaget er, slik vi ser det, ein aktuell søkjar. Det same er turgruppa i Idrettslaget som tilrettelegg for stiar og turveggar til fjells og i låglandet.

Det kan gjevast inntil 70% tilskot av godkjent ryddekostnad.

Meir informasjonar på : <https://www.fylkesmannen.no/.../tilskot-til-utsiktsrydding/>

Tekst: Landbrukskontoret/ Kristian Bringedal
Foto/nett: Kristian Bringedal



Friluftsplassen er rydda for buskar, kratt og mindre skog med støtte frå tilskotsordninga Utsiktsrydding.